

## **Bevar matfatet**

Er det noko vi ikkje bør sløsa med, så er det mat. Over heile Noreg går Dei Grøne til val på å bevara matfatet. Vi ønskjer ein nullvisjon for tap av matjord, vi vil sikra distriktslandbruket og ein rein kyst, og vi vil sørga for god dyrevelferd og kunnskap om kvar maten kjem frå.

**Vi vil halda kysten rein:** Havområda, fjordane og elvane våre rommar enorme naturverdiar og matressursar. Langs heile kysten er fisket både arbeidsplass og kulturberar, og skal legga grunnlaget for bærekraftig næringsverksemd, matauk og busetjing i framtida.

**Vi vil rydda opp i oppdrettsnæringa:** Fiskeoppdrett er i utgangspunktet ei grøn næring som kan gje mat til store folkegrupper, basert på naturen sine eigne premissar, og på ein bærekraftig teknologi. Vår kommune ligg på mange måtar godt til rette for ein endå større produksjon enn i dag. Men fram til no har problema knytt til fiskeoppdrett vore altfor store, med lakselus, rømt fisk og avfall frå anlegga. Det er difor avgjerande at kommunen legg ned ein kraftinnsats for å få herredøme over situasjonen. Vi ser andre stader i landet at oppdrett i lukka anlegg har gjeve gode resultat, og ønskjer at kommunen skal stimulera til ei grøn omstilling i næringa. All vekst må vera i lukka anlegg!

**Vi vil bevara matjorda:** I Noreg i dag byggjer vi ned matjorda, medan beite og utmark altfor mange stader gror att. Norsk matproduksjon vert i større grad basert på soya frå utlandet, som legg beslag på matjord der. Dette er verken bærekraftig eller solidarisk! Denne utviklinga må stoppast og snuast. Vi vil innføra nullvisjon for tap av matjord.

**Vi vil gje rom for dyra og miljøet:** Det skal lønna seg å produsera mat på ein bærekraftig måte – vi vil lata bønder investera i miljø og dyrevelferd. Vi vil også sikra betre vilkår for det økologiske landbruket. Ein femtedel av maten vi kjøper i Noreg vert kasta. Dette vil vi få slutt på!

Ei stemme for Dei Grøne er ei stemme for å bevara matfatet.

Eli Hårkau  
Andrekandidat  
Kvinnherad MDG